



Preses Olav Fykse Tveit

Preike ved opninga av Arendalsuka 2023

Trefoldighetskirken Arendal

Tema: Håp

Tekster: Jes 64,6-65,2, Matt 24,37-39

Håp er ikkje berre eit tema for ei gudsteneste eller noko å snakke om. Det er livsens alvor – og glede – det er tale om. Det veit vi av egne erfaringar. Og vi har fått det vist på dramatisk vis dei siste dagane.

Det er ikkje berre i Trefoldighetskirken i Arendal det er snakk om «Håp» i desse dagar. Dei siste dagane har vi med skrekk, og med håp, sett bilete frå dei som har vorte og er direkte ramma av ekstremveret Hans. For heile samfunnet vårt har det vore dagar med håp om at det ikkje skal bli så alvorleg som ein kan frykte.

For nokon har det vore eit håp om å berge liv og helse. For mange har det vore håp om at eigedom, hus, bilar og viktig utstyr, campingvogner, jordbruk og det som skal haustast ikkje skal gå med. For bygder og byar har det også vore håp om at det fellesskapet treng, så som veg, vatn, straum, internett ikkje skulle bli øydelagd av vatn eller ras, eller at det snart skulle kome tilbake. For mange har det vore håp som brast. Det er mykje som er øydelagd.

For mange har det vore håp om å få berging, eller hjelp med det ein treng her og no, eller hjelp til å få ting i orden att. Det har vore sterke teikn på håp for mange at det er så mange som har stilt opp, dei som har det som jobb og ikkje minst frivilljuge, naboar, slekt og vener.

No er vi midt oppe i situasjonen som gjer at det er mange som snakkar om håp. For utan håp, kan vi ikkje takle kriser.

Men utan at håp er meir enn at eg har ein optimistisk tanke – «det går nok bra» - er også håp noko som vert hengande i lufta.

Håp treng handling, at eg og andre gjer noko for at det skal bli slik. Håp treng ein relasjon til andre som ein kan knytte håpet til, ein relasjon som ein kan ha tillit til. Håpet eg ber på gjeld meg og mitt. Men i det meste er det eit håp vi deler, som vi må dele, som eit håp for alle, for fellesskapet, for landet, for jorda vår.

Ja, for det som har skjedd, har fått oss, og eg håpar alle, til å reflektere over kva samanheng det er mellom det som rammar nokon no, og dei store trekk i det som skjer på jorda. Klimakrisa er ikkje berre noko som gjeld framtida eller andre delar av verda.

Dei mange håp som vert formulert desse dagane kan verte ei kraft til forandring av noko vi kan gjere noko med. Det gjeld meir og omfattande beredskap for å forhindre store skader ved ekstremvær. Det gjeld ikkje minst alt som kan og må gjerast for å bremse klimaendringar og korleis vi kan leve på denne kloden saman i framtida. Det vi no, her til lands, har opplevd i delar av landet, har andre opplevd som farer og ekstreme utslag av klimaendringar andre stader på jorda. Det må store endringar til. Vi veit mykje om kva det er. Og mange av dei er planlagde endringar, nokon er gjennomførte. Men mykje, mykje meir må til. Dels av politiske vedtak, dels av andre store aktørar som er representerte på Arendalsuka, deriblant kyrkja, dels av enkeltpersonar som deg og meg. Det er teikn til at vi er i stand til endre. No er det ikkje tid til å lure lenger, det hastar.

For håp er meir enn prognoser, kva vi har grunn til å forvente vil skje ut frå det som har skjedd før. Håp er å forvente, tru, det ein ikkje ser, det som er bak dagens realitetar og det som er skjult for augene våre. Og så handle deretter.

--

Kva er så samanhengen mellom våre opplevingar og refleksjonar om håp i dag og dei tekstar og tankar om håp som kjem til oss gjennom vår kristne tru, våre heilage skrifter, våre tradisjonar, våre bønner, våre salmar?

Det er ulike kriser som også dannar bakteppet for bibelske tekstar om håp. Også dei vi har høyrte i dag.

I Jesaja-boka er det ulike faser i historia som vert reflektert. I den siste delen, som vi las frå, er det tida etter at folket har kome tilbake frå år og generasjonar i eksil. Likevel er det mangelen på tillit, på at folk kan og vil gjere det Gud vil, som er blitt kritisk. Ja, sjølv om dei er berga heim att, er det likevel krise i tillit og relasjonar til kvarandre og til Gud.

Det er også ei krise som vert skildra i siste del av Matteus-evangeliet. Det er krisa av det som ikkje vart som det skulle som er innhaldet i Jesu ord og kritikk. Det som ikkje vart av relasjonar, det som ikkje vart av tillit til han og hans budskap. Han spelar på orda frå ein bibeltekst tilhøyrarane kjende, ein poetisk tekst om Gud, skaparens kjærleik til sine barn, Salme 91,4: «under hans venger kan du søkja ly, med fjørene dekkjer han deg. Hans truskap er skjold og vern.» «Kor ofte ville eg ikkje samle borna dine som ei høne samlar kyllingane under vengene sine.»

Diverre er tekstar som dette blitt brukt for å skape enno meir kritikk, krise og krasj i relasjonar mellom menneske. Som for eksempel dei mange døme i kyrkjarahistoria på å kritisere og stigmatisere det jødiske folk ut frå det som skjedde med Jesus. Eller at Bibelord som desse og mange andre er blitt brukt for å kritisere – og definere kven som er innanfor eller utanfor, kyrkja, fellesskapet. Slik har dei blitt brukt også for å definere nokon som utanfor Guds omsorg og kjærleik.

Håp handlar om relasjonar. Og desse tekstane handlar om at menneske er innanfor Guds omsorg og kjærleik. Dei er ord om Skaparen som vil berge, frigjere og frelse og gjenskape relasjonar av tillit og håp til Gud, til kvarandre og til framtida.

Det er ei heilt spesiell kopling mellom håp, tru og kjærleik i dei bibelske skrifter og i vår kristne tru. Nokon gonger har vi skilt dei slik at det har blitt utydeleg korleis dei heng saman, kanskje endå til blitt motsetnader.

I dei store splittelsar og motsetnader i kyrkjas historie har håp vorte definert av dei som har akkurat den same oppfatning av truas innhald og formulering som meg eller oss. Då vert håpet noko som berre gjeld ein sjølv, eller vår eiga gruppe, eller kyrkjesamfunn, eller religion, eller endå til nasjon. Koplingane kan verte sterke og dei kan verte farlege.

Diverre ser vi noko av det også i krigens brutalitet i Ukraina, der håpet vert definert ut frå den eines perspektiv til og med på tru. At det er dei som tilhøyrer og deler den russisk-ortodokse kyrkja og hennar tru som har håpet, fordi dei har den rette trua. Det er ei alvorleg påminning om at Gudskjærleiken er ikkje noko vi kan rå over, og setje grenser for, etter våre oppfatningar og interesser.

For då manglar kjærleiken, som per definisjon går over grenser. Det er Gudskjærleiken som ikkje set grenser mot dei andre vi møter i bibeltekstane vi har høyrte.

At menneskeliv går tapt og relasjonar vert øydelagde, tel ikkje med i definisjonen av håpet og trua i den aktuelle begrunnelsen av krigen mot Ukraina. Så galt kan det bli. Det er ikkje den einaste gongen det skjer i religionars namn.

Utan kjærleiken kan både trua og håpet verte noko som blir brukt som våpen mot dei andre. Stikk i strid med biletet av Gud som vil samle alle under sine venger, gi det tryggleik, varme, mot, og håp.

Men orda og bileta mister ikkje si kraft og si sanning sjølv om vi menneske måtte misbruke dei til våre interesser og feilgrep. Det kristne håpet er alltid knytt til at det er meir enn det vi kan gjere som er mogeleg. At det er framtid og håp som kan bli skapt av Guds kjærleik, Guds inngrep i vår verd, gjennom Jesus Kristus og hans ord og hans død og oppstode frå dei døde. Dette er Gudskjærleikens kraft til å skape endring.

Difor er å håpe ei handling, det er å tru meir enn det ein ser. Det er den aktive tilliten til at Gud vil oss vel. Også når vi står fast i resultata av at vi sviktar. Som enkeltmenneske eller som menneskeheit.

Difor er ikkje kristen tru berre det vi gjer. Det er heller ikkje berre ein passivisme, eller form for tanke eller oppfatning. Det er ei tru som er verksam i kjærleik. Og det er slik den også skaper håp.

Difor er det også viktig kva slags bilete vi har på vårt håp. Ei hønemor som verner om sine med sine venger er eit sterkt bilete. Poenget med det er at det er plass for alle der. At det er ikkje vi som skal halde oss eller andre utanfor Guds omsorg og kjærleik.

Eller vi kan ta med oss biletet som Jesus brukar om kveitekornet, som må falle i jorda og døy for at det skal bli meir enn det eine kornet. Det som vert lagt i den svarte molda, kan bli liv til mange. I tillit til at det kan spire og gro og vekse, kan vi også bruke våre liv til beste for andre. Ikkje berre fordi vi gjer noko slik er slik. Vi må gjere det, så, vatne, gjødsle, hauste. Men det skjer fordi det ber livet i seg, Guds skaparkraft i seg.

Det er denne Skaparen som vert framstilt som mora med dei store venger, som dekkjer alle sine.

Denne jorda har Gud gitt oss som vår felles heim. Gud har ikkje glømt oss.

Ære vere Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, vår Skapar, Frelsar og Livgjevar, som var, er og vere skal ein sann Gud frå æve og til æve. Amen